



Protokoll frå styremøte i NGIR

Tid: 08.05.2017, kl 13.30 – 16.00

Stad: Kjevikdalen

Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kristin Handeland, Kari Torkildsen Utkilen, Kariann Ekren (1. vara)

Frå administrasjonen møte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar), Rune Ones (på deler av sak 09a/17)

Frå representantskapet møte:

Liv Anne Aanensen (representantskapsleiar)

Sakliste:

- Sak 07/17 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 08/17 Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Sak 09/17 Meldingar
 - a) Diverse munnleg orientering
- Sak 10/17 Rekneskap 2016
- Sak 11/17 Årsmelding 2016
- Sak 12/17 Honorar til revisor 2016

Sak 07/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Sak 08/17 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokoll frå styremøtet 27.02.2017 vart godkjent og signert.

Sak 09/17 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

1) Avfallsteknisk norm

NGIR jobbar i lag med ein del andre avfallsselskap for å utforma ei felles avfallsteknisk norm for nedgravde avfallsløysingar. NGIR har hatt ute anbod og leverandør av nedgravde avfallsløysingar er valt. Dei einskilde utbyggjarane vil få tilbod om kjøpa løysingane gjennom NGIR sin avtale.

2) RenoNorden

RenoNorden har lagt fram eit rekneskap for 1. kvartal der dei aukar avsetjinga til tap på kontraktar dei også sette av til tap i 3. kvartal 2016. RenoNorden har store utskiftingar i leiinga og børsmeldinga om likviditeten i selskapet er uroande. Administrasjonen arbeider med å følgja opp kontrakten slik at NGIR er best mogleg rusta dersom det skulle koma til ein situasjon der RenoNorden evt. ikkje skulle greia sine forpliktingar. Tal avvik per dag er låge, men NGIR må "henga på" for at RenoNorden skal setja inn tilstrekkeleg ressursar til ekstra innkøyring av helgedagar og vårrydding.

3) Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøundersøkingar har vist eit godt arbeidsmiljø over tid, men i etterkant av produksjonsleiar sin avgang har det vore ein del uro og NGIR gjort avtale med Arbeidsmiljøsentret for å kartleggja arbeidsmiljø og koma med framlegg til tiltak for betra arbeidsmiljøet.

4) Gjenvinningsstasjonstomt Knarvik

Det har ikkje kome bod på tomta og p.t. er den utleigd til Stoltz i samband med deira bygging på nabotomta. Lindås kommune har bede om å få lov til å laga eit borehol til avlaup frå tomta til nytt reinseanlegg ved sjøen. NGIR har sagt OK til dette under føresetnad av at Lindås kommune erstattar evt. verdireduksjon av tomta.

5) Div. innkjøp

Innkjøp av 2 lastebilar har vore på anbod og klagefristen på tildelinga går ut i morgon. NGIR har kjøpt personlift som budsjettert og har no ute anbod på ny sorteringsmaskin.

6) Strandrydding

Tal aksjonar er markant fleire i år enn i fjor. NGIR får avfallet inn på ulike måtar: NGIR hentar med eigen transport, kunden leverer, konteinarttransport og henting med renovasjonsbil.

7) Innsamling av klede

NGIR startar utdeling av materiell til innsamling av klede i juni. Kundar vert varsla på førehand og utdeling vil verta gjort rute for rute. Det vil samstundes verta delt ut krokark til papirspanna som kundane kan nytta til å henga opp plassekken.

Sak 10/17 Rekneskap 2016

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2016	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	-kr 2 205 000	-kr 1 604 000	-kr 601 000
Verksemd	-kr 45 000	-kr 444 000	kr 399 000
Slam	kr 1 060 000	-kr 462 000	kr 1 522 000
Bilvrak	kr 89 000	kr 0	kr 89 000
Totalt	-kr 1 101 000	-kr 2 510 000	kr 1 409 000

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2016 utgjer den 1,68 %. Sjå note 12 for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2016 investert i varige driftsmidlar for 7,0 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.16 er kr 44 913 000, ein reduksjon på kr 2 390 000 frå 2015.

Eigenkapitalprosenten er 56 %, det same som i 2015.

Forplikingane til etterdrift ført som langsiktig gjeld auka med kr 681 000, medan pensjonsforplikingane auka med kr 904 000. NGIR hadde per 31.12.16 ei langsiktig lånegjeld på kr 29 812 500.

Rekneskapen gir eit rettvise bilete av eige delar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Det er ingen forsknings- eller utviklingsaktivitetar bokført i 2016.

Det er i rekneskapen ikkje sett av midlar til etterdrift frå hushalda. Eit beløp tilsvarande kalkulatorisk rentekostnad (kr 742 129) vert føreslege overført frå eigenkapital til etterdriftsfond, då dette er pengar som hushaldskundar betalar og som på grunn av regelverket rundt bruk av kalkulatorisk rente vert lagt til eigenkapitalen.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Bruk av utjamningsfond hushald	-2 971 514	-70 883
Avsetjing til utjamningsfond slam	1 117 525	4 139 280
Avsetning til etterdriftsfond	742 129	15 071 145
Avsetning til eigenkapital	11 124	45 692 336
Sum disponering	-1 100 736	

Vedtak i styret 08.05.16:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Bruk av utjamningsfond hushald	-2 971 514	-70 883
Avsetjing til utjamningsfond slam	1 117 525	4 139 280
Avsetning til etterdriftsfond	742 129	15 071 145
Avsetning til eigenkapital	11 124	45 692 336
Sum disponering	-1 100 736	

Sak 11/17 Årsmelding 2016

Utkast til årsmelding vart handsama av styret.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2016 fram for representantskapet for godkjenning.

Vedtak i styret 02.05.16:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2016 fram for representantskapet for godkjenning.

Sak 12/16 Honorar til revisor 2016

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2016 er sett til kr 45 000.

Budsjetterte kostnader for 2016 var kr 46 000.
Kostnaden for 2015 var kr 44 000.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 45 000.

Vedtak i styret 08.05.16:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 45 000.

Kjevikdalen 08.05.2017

Helge Fjellanger
-styreleiar-

Ottar Skjelvik
-styremedlem-

Kariann Ekren
-1. vara-

Kari Torkildsen Utkilen
-styremedlem-

Kristin Handeland
-styremedlem-